

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU) 20.04.18 – protokoll frå telefonmøte

Deltakarar:

- Jon Aasen, Møre og Romsdal
- Solveig Ege Tengesdal, Rogaland
- Anne Gine Hestetun, Hordaland
- Jenny Følling, Sogn og Fjordane
- Dagfinn Aasen, møteiar og referent

Sak 2/2018 Møte med Transport- og kommunikasjonskomiteen

Dato/tid: 26. april 2018 kl 1100 – 1200

Stad: Stortingskvartalet, inngang Stortingets resepsjon i Nedre Vollgate 20, møterom T-340

Formøte: KS-huset kl. 0900 – 1030 (møterom er bestilt og bekrefte)

Deltakarlista: Blir supplert med fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland

På førehand hadde Jon Aasen meldt inn aktuelle tema for møtet med Transportkomiteen. Desse punkta vart gjennomgått, supplert og ansvar for presentasjon fordelt mellom fylkeskommunane:

Møre og Romsdal: Fylkesvegferjene:

1. Drifta og finansieringa av dei nye fergekontraktane, intallasjonar på land for lading av batteripakkar, osv.
2. Nye fergekaier, både vedlikehald og nybygg. (Dei vert refunderte i inntektssystemet som veg, ikkje som fergekai).
3. Utsleppsreduksjonar frå ferger med 90%. Det kostar, jfr pkt 1.
4. Ny fergestandard og refusjonsordning i inntektssystemet. Det er ei omfordeling som skjer, ikkje nye midlar.

Sogn og Fjordane: Tunnellar, rassikring

5. Tunnelreovering og manglande finansiering frå staten, svært stor underfinansiering
6. Rassikring.
7. Ferjeavløysingsordning, refusjonar

Rogaland: Vedlikehald

8. Vedlikehaldsetterslep for fylkesvegane
9. Fylkeskommunalt garantiansvar for statlege bomprosjekt

Hordaland: Hurtigbåtar

10. Inntektssystemet vedr. hurtigbåtar

Sak 3/2018 Vestlandsrådets møte i Molde 7. - 8.juni 2018

AU tek programskissa til orientering, med følgende merknader:

- Problematikken rundt marin forsøpling blir løfta opp som sak for rådet, ikkje berre som orientering. Tema bør også vere: korleis kan og vil Vestlandsrådet arbeide vidare med denne saka?
- Organisasjonen Fiskebåt tilbys å ha eit innlegg knytta til presentasjonen av nøkkeltal for utvalde næringar.

Orienteringssakene.

Orienteringane (1 – 6) vart tatt til vitande, med følgende merknad til punkt 5 «Vestlandsrådet og framtida»:

- Saka om Vestlandsrådets framtidige roller og oppgåver blir lagt fram for drøfting i møtet 8. juni. Det blir lagt opp til ein prosess frå no av og fram mot Vestlandsrådets møte 1. november i Sogndal, der saka blir lagt fram til behandling.

Møtet heva kl. 0900.

Dagfinn Aasen
referent